

PROTOKOLL

frå

**ordinær generalforsamling i Vest Telemark Næringsbygg AS,
vart halde 25 mars 2026.**

Sak 1/2026 - Godkjenning av innkalling og sakliste

Etter vedtektene § 7 skal innkalling skje med 14 dagars varsel. Ordinær innkalling med sakliste vart sendt ut i e-post 9 mars 2026.

VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 2/2026 - Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen

Årsmøte vel sjølv møteleiar, referent og 2 til å skrive under protokollen.

VEDTAK:

Til møteleiar vart vald: Jon Rikard Kleven

Til referent vart vald: dagleg leiar Olav Moen

Til å skrive under protokollen vart vald:

- 1. Solveig Abrahamsen*
- 2. Tarjei Draugedalen*

Sak 3/2026 - Opprop og fullmaktsgjennomgåing

Det vart halde opprop.

Desse aksjonærane var til stades, eller ved fullmakt.

Vinje kommune, Jon Rikard Kleven.	2.718.575 aksjar med 3.126 røyster
Tokke kommune, fullmakt til Jon R. Kl	890.371 aksjar med 1.261 røyster
Seljord kommune, Solveig Abrahamsen.	729.371 aksjer med 1.100 røyster
Kviteseid kommune, Tarjei Draugedalen.	1.044.278 aksjar med 1.322 røyster
Hjartdal kommune, fullmakt til Solveig S. Abrahamsen.	270.408 aksjer med 678 røyster
Fyresdal kommune, Erik Skjærvagen	1.013.518 aksjer med 1.198 røyster
Totalt	6.666.521 aksjar med 8.685 røyster

Av dei frammøtte aksjonærane som kan stemme, møtte 6 aksjonærar med 8.685 røyster.

Frå styret: Stian Hauge

Frå administrasjonen møte: Dagleg leiar Olav Moen.

Frå valnemnda møte: Knut Martin Edland

Elles møte: Ingen

VEDTAK:

Opprop vart halde og fullmaktene gått gjennom.

Av dei frammøtte aksjonærane som kan stemme, møtte 8.685 aksjerøyster av i alt 12.984.

Det var 6 aksjonærar som møtte, eller ved fullmakt.

Samrøystes vedteke

Sak 4/2026 – Styrets årsmelding og rekneskap for 2025

Årsmelding og rekneskap m/noter for 2025 og revisors beretning, var sendt med innkallinga.

VEDTAK:

Den framlagte årsmeldinga og rekneskapan for 2025 med noter vert vedteke.

Samrøystes vedteke

Sak 5/2026 – Val av revisor

Johre Revisjon v/ statsautorisert revisor Kjersti Skimmeland har vore revisor for selskapet i 2025.

VEDTAK:

Johre Revisjon v/ Kjersti Skimmeland vert vald som revisor for 2026.

Samrøystes vedteke

Sak 6/2026 - Godtgjersle til styret og 1.vara representant til styret

Det har vore fyljande satsar for godtgjering til styret i 2025:

Styreleiaren får utbetalt kr. 40.000,- pr. år.

Kvart styremedlem får kr. 10.000,- pr år.

Styremedlemene, inkludera leiaren, og møtande varamedlem får utbetalt kr. 3.000,- pr. møte.

I tillegg skal det kunne utbetalast for tapt arbeidsforteneste, etter dokumentert krav frå arbeidsgjevar, med ei årsløn på maksimalt 6G.

Valnemda si innstilling til honorar for styret sine medlemmer for 2026:

Det har ikkje kome forslag til endring i honoraret, frå valnemda.

VEDTAK:

Styreleiaren får utbetalt kr. 10.000,- pr. år.

I tillegg skal styreleiar fakturere kr. 1.100,- pr arbeidstime, også dei timane som går med til styrearbeid.

Kvart styremedlem får kr. 20.000,- pr år.

Styremedlemene, eksklusive leiaren, og møtande varamedlem får utbetalt kr. 3.000,- pr. møte.

I tillegg skal det kunne utbetalast for tapt arbeidsforteneste, etter dokumentert krav frå arbeidsgjevar, med ei årsløn på maksimalt 6G.

Sak 7/2026 – Avvikling av selskapet

Det blei lagt fram ei sak for generalforsamlinga, der avvikling av selskapet var tema. Bakgrunn for saka var at enkelte eigarar meina selskapet ikkje lenger hadde større nytte som utviklingsaktør i regionen.

VEDTAK:

Fylande vedtak fart fatta med med 7.363 røyster:

Selskapet oppløysast og avviklast etter aksjelova kapittel 16.

Kviteseid kommune stemte mot forslaget med 1.322 stemmer

Sak 8/2026 - Val av styre. Val av styreleiar og nestleiar. Val av medlem til valnemnda

Det skal etter vedtektene § 5 veljast fylgjande:

2 medlemmer til styret (av 5) for 2 år

Leiar og nestleiar for 1 år

1 varamedlem for 1 år

Valnemnd: 1 medlem for 3 år

Styret i VTN AS 2024/2025:

Medlemer:

Stian Hauge – leiar	På val
Liv Sigrun N. Midtun - nestleiar	Ikkje på val
Geir Halvor Haugen	På val
Benedikte Nes	Ikkje på val
Aslak Momrak	På val
1.vara: Iselin Stundal	På val kvart år

Valnemnda er:

Tarjei Draugedalen	Ikkje på val
Hilde Hagen	Ikkje på val
Knut Martin Edland	Ikkje på val

Samrøystes framlegg frå valnemnda:

Valnemnda har innstilt på gjenval for alle verv.

VEDTAK:

Generalforsamlinga gjorde dette vedtaket

Styreleiar Kjell Pedersen Riisa
Styremedlem Liv Sigrun N. Midtun
Styremedlem Geir Halvor Haugen

1. vara Iselin Stundal
2. vara Aslak Momrak


Periode: For avviklingsperioden

Valnemd:

Den vidareførast som den har vore, ingen var på val her.

Leiar Knut Martin Edland
Medlem Tarjei Draugedalen
Medlem Hilde Hagen

Kviteseid 25 mars 2026



Solveig S. Abrahamsen



Tarjei Draugedal

